



**ALVER**  
KOMMUNE



**ALVER**  
KOMMUNE

## Detaljreguleringsplan

*Fv. 57 med gang og sykkelveg  
Lindås tettstad – Mongstad  
PlanID 1263-201407*

**Føresegner  
(jf. plan- og bygningslova § 12-7)**

Datert 20.08.2021

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID
	Kommunestyret			
	3. gongs handsaming	23.03.2022		20/1203
	2. gongs handsaming	03.02.2021		018/21
	1. gongs handsaming	17.10.2018		14/7379



## §1 Siktemål med planen

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utbetring av eksisterande fv. 57 og etablering av ny gang- og sykkelveg frå Lindås tettstad til Mongstad (Austrheim grense). Hovudmålet er å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar samt betre vegstandard og trafikktryggleik på fv. 57.

## §2 Generelt

Planen inneheld plankart (14 stk.) i målestokk 1:1000 datert 20.08.2021, planskildring datert 20.08.2021 og føresegner datert 20.08.2021. Planen si avgrensing er vist på plankarta.

### §2.1 Arealformål og midlertidig bygge- og anleggsområde

Fylgjande arealformål inngår i reguleringsplanen som midlertidig bygge- og anleggsområde. Tiltak i samsvar med desse arealformåla kan ikkje handsamast etter denne reguleringsplanen, jf. § 6.1 i føresegnene. Dette gjeld:

- Bustader B1-B3
- Sentrumsformål BS
- Næringsbygningar BN1-BN9
- Telekommunikasjonsanlegg BTK
- Grav- og urnelund BGU1, BGU2,
- Parkeringsplassar o\_SPP4
- Teknisk infrastruktur
- Blågrønnstruktur GBG
- Spreidd bustader LSB1, LSB2
- Småbåthamn VS



## **§3 Fellesføresegner for heile planområdet**

### **§3.1 Terrenghandsaming og vegetasjon (§ 12-7 nr. 1)**

Alle terrenginngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgjevnadane. Fjellskjeringar og fyllingar skal rundast av og tilpassast terrenget. Det skal oppførast støttemurar der dette er vist i planen. Støttemurane skal i størst mogeleg grad oppførast som natursteinsmurar. Det skal så langt råd er revegeterast med stadeigne massar og stadeigen vegetasjon.

### **§3.2 Krav om byggeplan**

Før utbygging av veganlegget kan starte opp skal det liggje føre ein byggeplan med utgangspunkt i denne reguleringsplan, Statens vegvesen sin handbøker og retningslinjer.

### **§3.3 Plan for Ytre Miljø (§ 12-7)**

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan). YM-planen skal liggje føre saman med byggeplan for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov. Før anleggstart skal handtering av artar på framandartlista leggjast fram for kommunen si handsaming som ein del av prosjektet sin YM-plan. YM-plan skal innehalde rutinar for å unngå spreiding av artar på framandartlista ved flytting av massar og deponering i anleggsfasen og tre år med nedkjemping etter at anlegget er gjennomført. Perioden blir forlenga dersom det framleis er spreiding. Ein risikoanalyse for aktivitetar der det er registrerte artar i framandartlista skal leggjast fram i byggeplan.

### **§3.4 Rigg -og marksikringsplan**

Rigg- og marksikringsplan vedlagt planen gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplanen skal gje føringar for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv.
- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast med tydeleg fysisk avmerking i anleggsfasen.
- Plan skal vise løysing for gardsdrift med beitemark.

### **§3.5 Vern mot ureining (§ 12-7)**

- a) Det skal leggjast vekt på at ureina vatn, partikkelureining ikkje vert slept ut i bekkar og vatn. Byggeplanen skal omtale løysing for handtering av ureining i anleggsfase og driftsfase.
- b) Eventuelle ureina massar skal leverast til godkjend mottak.
- c) Eventuelle tiltak skal overvakast undervegs for å unngå forureining som kan gå utover naturmiljø og biologisk mangfald i vassførekomstane. Vasskvaliteten i Tjukketlevatnet og Hopevatnet skal overvakast under anleggsfasen.
- d) Ved fylling av stein i vatn skal det nyttast siltgardin rundt staden for utfylling, samt ved utlaup av bekkar som kan verte råka av utfyllinga.



## §3.6 Tilgjenge (§ 12-7 nr. 4)

- a) Prinsipp om universell utforming skal leggst til grunn ved prosjektering av veganlegget.
- b) Busshaldeplassane skal utformast slik at dei kan nyttast av alle menneske på ein likestilt måte så langt det er mogeleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

## §3.7 VA og overvasshandtering (§12-7 nr. 4 og 12)

Rammeplan for vatn og avlaup datert 10.03.2022, med tilhøyrande GHI-teikningar datert 18.02.2022 skal leggst til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen (1263-201407). Detaljprosjektert VA-løysing skal godkjennast av kommunen før anleggsstart.

## §3.8 Automatisk freda kulturminne (§ 12-7 nr. 2)

- a) Dersom det under anleggsarbeid kjem fram automatisk freda kulturminne må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren varslast jf. kulturminnelova §8, 2.ledd.
- b) Før iverksetjing av arbeid i høve til planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna:  
id 231174 som er merka som område for føresegn #30 i plankart 3  
id 231169 som er merka som område for føresegn #31 i plankart 13
- c) Tiltakshavar skal ta kontakt med Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga blir fastsett.

## §4 Føresegner til arealformål

### §4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr.1)

#### §4.1.1 Bustader (B)

B1, B2 og B3 er del av bustadtomter som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel Lindås kommune plan-id 1263-201805 er gjeldande for B1, B2 og B3

#### §4.1.2 Sentrumsformål (BS)

BS er del av sentrumsområde som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel Lindås kommune plan-id 1263-201805 er gjeldande for BS.

#### §4.1.3 Næringsbygningar (BN)

- a) BN1-3, BN9 er del av næringsområde som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen Lindås kommune plan-id 1263-201805 sin arealdel er gjeldande for BN1, BN2, BN3 og BN9.
- b) BN4-7 er del av næringsområde som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad plan-id 1263-200905 er gjeldande for BN4, BN5, BN6 og BN7.
- c) BN8 er næringsområde som inngår i reguleringsplanen. BN8 inngår som en del av næringsverksemd for BN7 kor føresegner i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad Plan id 1263-200905 er gjeldande.





#### **§4.1.4 Energianlegg (BE)**

Innanfor området avsett til o\_BE1-BE6 kan det oppførast energianlegg med tilhøyrande parkering.

#### **§4.1.5 Renovasjonsanlegg (BRE)**

Områda o\_BRE1 og o\_BRE2 skal nyttast som returpunkt.

#### **§4.1.6 Telekommunikasjonsanlegg (BTK)**

BTK er område for telekommunikasjonsanlegg som inngår i reguleringsplanen.

Føresegner i kommuneplanen sin arealdel Lindås kommune plan-id 1263-201805 er gjeldande for BTK.

#### **§4.1.7 Grav- og urnelund (BGU)**

BGU1 og BGU2 er del av eksisterande grav- og urnelund som inngår i

reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel Lindås kommune plan-id 1263-201805 er gjeldande for BGU1 og BGU2.

### **§4.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)**

#### **§4.2.1 Fellesføresegn for samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-7 nr. 1 og 4)**

- a) Løysingar for veg- og gateutforming i den til ei kvar tid gjeldande handbok N100 skal liggje til grunn for utforming av vegane med gang-sykkelveg, fortau og teknisk infrastruktur. Tekniske teikningar skal vera utarbeidd i tråd med ein kvar tid gjeldande handbok R700.
- b) Mindre avvik ved samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som til dømes grunnforhold eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegformål kan fråvike frå det som kjem fram av planen. Det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri.
- c) Innanfor arealformåla kan det etablerast konstruksjonar og naudsynte tekniske anlegg og installasjonar.
- d) Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande.
- e) Utvida eller endra bruk av avkøyrslar skal godkjennast av vegstyresmakt. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gjeve av vegstyresmakt for kvar aktuell veg.

#### **§4.2.2 Private veganlegg (SV og SKV) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)**

- a) Veg f\_SKV6 (plankart 4) skal nyttast som tilkomst til eigedomar som allereie er tilknytt vegen.
- b) Veg SV2-4 (plankart 1), SV5 (plankart 2), SV8-9, SV12-13 (plankart 3), SV14-15 (plankart 4), SV19-20 (plankart 5), SV24, SV28, SV33 (plankart 6), SV35-36, SV38, SV40 (plankart 7), SV48, SV50-53, SV55, SV57-58 (plankart 8), SV60 (plankart 9), SV61, SV65 (plankart 10), SV68-69, SV72-74 (plankart 13) skal nyttast som tilkomst til eigedomar som allereie er tilknytt vegen.
- c) Veg f\_SV1 (plankart 1), f\_SV6 (plankart 2), f\_SV7, f\_SV10-11 (plankart 3), f\_SV16 (plankart 4), f\_SV18 (plankart 5), f\_SV21-22, f\_SV26-27, f\_SV29-32 (plankart 6), f\_SV34, f\_SV37, f\_SV39, f\_SV41-47 (plankart 7), f\_SV49, f\_SV54, f\_SV56 (plankart 8), f\_SV59 (plankart 9), f\_SV63 (plankart 10), f\_SV67, f\_SV70-71 (plankart 13), f\_SV75 (plankart 1), f\_SV76 (plankart 3), f\_SV77 (plankart 7) og SV78 (plankart 1) skal nyttast som tilkomst til eigedomar som allereie er tilknytt vegen.
- d) Veg f\_SV7 (plankart 3) skal også nyttast som tilkomst for nettstasjon o\_BE1.



- e) Veg f\_SV18 (plankart 5) skal også nyttast som tilkomst til naustområde for dei bruka som har tinglyst vegrett, gjeld gnr. 117 bnr. 1, 2, 3, 4, 5 og 6.
- f) Veg f\_SV39 og veg f\_SV77 (plankart 7) skal også nyttast som tilkomst for privat parkering SPP2 og nettstasjon o\_BE3.
- g) Veg SV52 og f\_SV54 (plankart 8) skal også nyttast som tilkomst for nettstasjon o\_BE4.
- h) Veg f\_SV59 (plankart 9) skal vere felles for gnr. 116 bnr. 5, 27, 36, 38.

#### **§4.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS), gangveg/gangareal/gågate (SGG) (§ 12-7 nr. 1 og 4)**

- a) o\_SGS (plankart 1-14) skal opparbeidast med fast dekke.
- b) f\_SGG1 (plankart 4) Felles gangveg for eigedomar gnr. 118 bnr. 2 og 8.
- c) f\_SGG2 (plankart 4) Felles gangveg for eigedomane gnr. 118 bnr. 1, 2, 3, 5 og 11.
- d) o\_SGG5 (plankart 6) Trapp skal etablerast som snarveg.
- e) o\_SGG6 (plankart 7) Trapp og sti skal etablerast som snarveg.
- f) o\_SGG7 (plankart 7) Sti skal etablerast som snarveg.
- g) f\_SGG9 (plankart 8) Gangveg skal etablerast som sti med inntil 1,5 m breidde til eigedomar med fritidsbustad/naust på gnr. 116 bnr. 27 og 38.

#### **§4.2.4 Annan veggrunn – grøntareal (SVG) (§ 12-7 nr. 1 og 4)**

- a) Innanfor områda o\_SVG, f\_SVG og SVG (plankart 1-14) vert det tillate naudsynte skjeringar, fyllingar, grøftar, voll med planting eller annan skjerming for innsyn, murar, kulvert, røyr, nettstasjonar og andre tekniske installasjonar. Areal skal dekkast til med jord og såast til. Innanfor føremålet kan areala nyttast som område for rigg og mellombels deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast. Det kan leggjast på massar for å slakke ut areal, slik at SVG kan nyttast som landbruksareal etter avtale med vegeigar (Vestland fylkeskommune).
- b) o\_SVG1-o\_SVG9 (plankart 1-14) Ved haldeplass kan det førast opp leskur og areal til oppstilling og henting av hushaldningsavfall.
- c) Innanfor området o\_SVG1 kan veg f\_SV6 (plankart 2) nytte areal til manøvrering. Dette arealet skal grusleggast.
- d) o\_SVG2 (plankart 1) Mast til Telenor kan etablerast innanfor dette området.
- e) o\_SVG3 (plankart 1) Støyskjerm kan etablerast.
- f) SVG4 (plankart 8) Det kan leggjast til rette for etablering av parkeringsplassar
- g) o\_SVG5 (plankart 1) Grusa sti på inntil 2 meter breidde kan etablerast.
- h) o\_SVG6 (plankart 2, 3, 8 og 13) Snarveg/trapp og leskur kan etablerast.
- i) o\_SVG7 (plankart 4) I fylling mot Tjukketlevatnet skal det gjerast minst mogeleg inngrep. Området kan ikkje nyttast til bygge- og anleggsområde eller mellombels lagring og massedeponi.
- j) o\_SVG8 (plankart 5) Det kan leggjast til rette for gangveg.
- k) o\_SVG9 (plankart 6) Det kan etablerast ein universell gangveg frå haldeplass til f\_SV29/f\_SV31.
- l) f\_SVG10 (plankart 8/9) Det kan leggjast til rette for etablering av parkeringsplassar
- m) o\_SVG11 (plankart 8) Det er opna opp for justering av veg SV52 i o\_SVG11 med mur og fylling.

#### **§4.2.5 Parkering (SPP) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)**

- a) o\_SPP1 (plankart 6) er parkeringsplass tilrettelagt for besøkande til friluftsområde.





- b) SPP2 (plankart 7) er parkeringsplass for fritidsbustad på gnr. 120 bnr. 7.
- c) f\_SPP3 (plankart 9) er parkeringsplass for eigedomar med fritidsbustad/naust på gnr. 116 bnr. 27 og 38.
- d) o\_SPP4 (plankart 1) er del av eksisterande parkeringsplass som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i reguleringsplan for rv. 568 gjennom Lindås tettstad plan-id 1263 199001 er gjeldande.

#### **§4.2.6 Teknisk infrastruktur (STI) (§ 12-7 nr. 1)**

Teknisk infrastruktur er del av hovudvassleidning som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad plan-id 1263-200905 er gjeldande for teknisk infrastruktur.

#### **§4.3 Grøntstruktur (GBG) (pbl § 12-5 nr.3)**

GBG er del av blågrønnstruktur som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel Lindås kommune plan-id 1263-201805 er gjeldande for GBG.

#### **§4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (pbl § 12-5 nr.5)**

##### **§4.4.1 Fellesføresegner for Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (L)**

- a) LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert å ressursgrunnlaget på garden (L). I område L1 skal kommuneplanens arealdel Lindås kommune Plan id 1263-201805 gjelde der ikkje anna er gitt. Områda skal sikre dagens bruk av areala. Etter anleggsperioden skal arealet tilbakeførast til gjeldande bruk.
- b) L2 (plankart 8) Gangveg skal etablerast som sti med inntil 1,5 m breidde til hytter på eigedomane gnr. 116 bnr. 26 og 39.

##### **§4.4.2 LNFR areal for spreidd bustad (LSB) (§ 12-7 nr. 1, 2, 6 og 9)**

LSB1 (plankart 10) og LSB2 (plankart 13) er del av område for spreidde bustader som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad plan-id 1263-200905 er gjeldande for LSB 1 og LSB2.

#### **§4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr.6)**

##### **§4.5.1 Naturområde (VN)**

I bekkar VN1 (plankart 3 og 4) og VN3 (plankart 14) skal det nyttast siltgardin for å hindre forureining under anleggsfasen.

##### **§4.5.2 Drikkevatt (VD)**

- a) Ved utfylling i Tjukketlevatnet VD (plankart 4) skal det nyttast metodar for utfylling av masse som avgrensar skade på natur og miljø.
- b) Før Tjukketlevatnet vert teke i bruk som drikkevasskjelde kan ny terskel i Tjukketlevatnet etablerast.

##### **§4.5.3 Småbåthamn (VS)**

VS (plankart 8) er del av småbåthamn som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel Lindås kommune Plan id 1263-201805 er gjeldande for VS.



## **§5 Føresegner til omsynssoner (pbl §§ 12-6 og § 11-8)**

### **§5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H110, H140, H210, H220, H370)**

#### **§5.1.1 Nedslagsfelt drikkevatt H110 (§ 11-8 a)**

Området er nedslagsfelt for drikkevatt, og tiltak innanfor området må avklarast etter drikkevassforskrifta.

#### **§5.1.2 Frisikt - H140 (§ 11-8 a)**

Innanfor sone for frisikt skal det vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegar sitt plan, jf. gjeldande vegnormalar.

#### **§5.1.3 Støysone – Raud og gul sone - H210 – H220 (§ 11-8 a)**

- a) Gjeldande retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, er førande for gjennomføring av tiltak. Dette gjeld og for anleggsfasen. Område H210 gjeld raud støysone og område H220 gjeld gul støysone, i samsvar med T-1442.
- b) Det er føreslege ein langsgåande skjerm som er vist i plankart 1. Høgda, utforminga og nøyaktige utstrekning og plassering på denne skjermen skal vurderast i samband med utføring av støytiltak.

#### **§ 5.1.4 Faresone – Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) – H370 (§ 11-8 a)**

Høgspenningsanlegg gjeld høgspenningslinje som kryssar deler av planområdet. Tiltak innanfor sonene skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggeplan.

### **§5.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c) (H560 og H570)**

#### **§5.2.1 Bevaring naturmiljø - H560 (§ 11-8 c)**

Føresegner i kommuneplan og kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad plan-id 1263-200905 er gjeldande innanfor dette området.

#### **§5.2.2 Bevaring kulturmiljø - H570 (§ 11-8 c)**

- a) Innanfor H570\_1 (plankart 4) går det ein eldre veg som skal nyttast som gangveg frå gnr. 118 bnr. 8 og 2 til næraste busshaldeplass. Her skal eksisterande dekke, murar, stabbesteinar i størst mogeleg grad takast vare på.
- b) Innanfor H570\_2 (plankart 1), H570\_3 (plankart 7), H570\_5 og H570\_6 (plankart 13) ligg det jordkjellarar. Her kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna vis utilbørleg skjemme jordkjellarane, eller framkalle fare for at det skjer. Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i desse områda i anleggsperioden. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde.
- c) Innanfor H570\_4 (plankart 1) ligg del av Den Trondhjemske postveg som er eit statleg listeført kulturminne. Her kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan øydelegge eller skade kulturminnet. Det er opna opp for at ein i anleggsperioden kan køyre over postvegen. Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i dette området. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde. Området skal tilbakeførast etter anleggsperioden.



**§5.3 Bandleggingszone (H740) (§ 11-8 d)****§5.3.1 Bandlegging etter andre lover (H740) kraftlinje**

Høgspenningsanlegg gjeld høgspent luftlinje som kryssar deler av planområdet og er bandlagt etter energilova. Tiltak innanfor sona skal godkjennast av linjeeigar.

**§6 Føresegner til føresegnområde (§12-7)****§6.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde #1-#21**

- a) Områda kan nyttast som anlegg- og riggområde så lenge anleggsarbeida er i gong. Områda kan i anleggsfasen nyttast til midlertidig massehandtering, midlertidige brakkeriggar med tilhøyrande køyre- og parkeringsareal mens arbeida pågår, tekniske anlegg, omkøyringsveggar m.m. Områda skal ferdigstillast med god tilpassing til omkringliggjande terreng.
- b) I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikkje føre til fare for dei som ferdast i nærområda.
- c) Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at ein delstrekning er opna, skal områda tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig 10 år etter vedtak av detaljplanen / [planens ikraftsetjingsdato](#). Ved ferdigstilling av veganlegg innan den tid skal det gjevast tilbakemelding om at midlertidig bygge- og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.
- d) Føresegnområdet *midlertidig bygge- og anleggsområde* blir då oppheva og skravur fjernast frå planregisteret når veganlegget er overtatt til planlagt bruk. Områda skal etter dette nyttast til formål dei er regulert eller disponert til, og med føresegner frå gjeldande reguleringsplan, kommuneplan eller kommunedelplan. Følgjande formål vil då vere gjeldande:

Føresegningsområde i denne plan	Arealformål i denne plan	Formål i gjeldande plan
#1	BTK	Telekommunikasjonsanlegg (andre typar bustader og anlegg)
#2	BN1	Næring
#3	B1	Bustader
#4	B2	Bustader
#5	BGU2	Grav og urnelund
#6	BGU1	Grav og urnelund
#7	BGB	Grønstruktur
#8	BS	Sentrumsformål
#9	B3	Bustader
#10	BN2	Næring
#11	BN3	Næring
#12	VS	Småbåthamn
#13	BN4	Næring
#14	LSB1	Spreidd busetnad
#15	BN5	Næring
#16	BN6	Næring
#17	Teknisk infrastruktur	Trase for teknisk infrastruktur
#18	BN7 og BN8	Næring
#19	LSB2	Spreidd busetnad
#20	o_SPP4	Parkering
#21	LNF (L)	LNF (L)
#22	BN9	Næring



### §6.2 Ufforming av overvassleidningar og bekkar

Innanfor området #21 skal det sikrast plass for etablering av overvassleidningar/bekkar. Leidningstraseen skal tilpassast eksisterande struktur, og areala er føreset tilbakeført til eksisterande situasjon etter anleggsperiode.

### §6.3 Tilhøyrande veganlegg #22-#29

Som ein del av veganlegget skal følgjande oppstilling av konstruksjonar byggjast og ferdigstillast innan opning av veganlegget.

Føresegningsområde	Konstruksjonar
#22	Kulvert for sykkelveg (o_SS2) med fortau (o_SF).
#23	Kulvert for gs-veg (o_SGS2)
#24	Ny bru over Gjerdvågstraumen, (VN3) som skal nyttast som køyreveg (o_SKV1)
#25	Køyrbar kulvert mellom f_SV37 og f_SV39
#26	Kulvert for gs-veg (o_SGS3)
#27	Kulvert for privat køyreveg SV65 til landbruksformål
#28	Kulvert for køyreveg ( o_SKV9) og fortau (o_SF)
#29	Eksisterande bru over Gjerdvågstraumen (VN3) som skal nyttast til gs-veg (o_SGS1)

### §6.4 Rekkefølgjekrav til gjennomføring #30-#31

Føresegningsområda #30-#31 er automatisk freda kulturminne, #30 Askeladden ID 231174 (plankart 3) og #31 Askeladden ID 231169 (plankart 13) med særskilt krav om rekkefølge for gjennomføring av tiltak, jf. §7.2. Føresegningsområdet #30 kan nyttast som bygge- og anleggsområde når dei automatisk freda kulturminna er undersøkt og frigjeve av kulturminnemynde.

## § 7 Rekkefølgjekrav (pbl § 12-7)

### §7.1 Miljø

YM-plan skal utarbeidast i samband med byggeplan.

### §7.2 Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne

Før iverksetting av tiltak i medhald av planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna Askeladden ID 2311674og ID 231169 som er merka som føresegningsområde #30 og #31 i plankartet. Tiltakshavar skal ta kontakt med Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfang av den arkeologisk granskinga kan bli fastsett.



### §7.3 Bygningar som skal rivast

Bygg vist med linjesymbol 1215 er bygg som skal fjerna før iverksetting av tiltak i medhald av planen. Dette gjeld:

Gnr. 118	Bnr.1	Plankart 3
Gnr. 118	Bnr. 2	Plankart 4
Gnr. 118	Bnr. 10	Plankart 4
Gnr. 117	Bnr. 8	Plankart 6
Gnr. 117	Bnr. 16	Plankart 6
Gnr. 117	Bnr. 15, 49	Plankart 6
Gnr. 116	Bnr. 2	Plankart 7
Gnr. 116	Bnr. 3	Plankart 7/8
Gnr. 116	Bnr. 4	Plankart 8
Gnr. 116	Bnr. 7	Plankart 7
Gnr. 116	Bnr. 15	Plankart 8
Gnr. 116	Bnr. 17	Plankart 7
Gnr. 116	Bnr. 23	Plankart 7
Gnr. 122	Bnr. 2	Plankart 10
Gnr. 126	Bnr. 4	Plankart 13
Gnr. 126	Bnr. 8	Plankart 12/13

### §7.4 Landskap

Terrenghandtering av område avsett til annan veggrunn skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget. Planting skal opparbeidast samstundes med veganlegget og vere ferdigstilt seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.

### §7.5 Bygging av avkøyrsløse

Det skal vera opparbeidd tilfredsstillande vegar/avkøyrsløse til eigedommar der eksisterande tilkomst er regulert stengd, før eksisterande tilkomst vert stengd.

### §7.6 Midlertidig bygge- og anleggsområde

Midlertidig bygge- og anleggsområde skal vere opparbeida i samsvar med byggeplan innan eit år etter at anlegget er teken i bruk.